Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 10.

Fylke: Aust-Agder

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Gjövdal.

Emne: Lynging og mosing.

Bygdelag: Askland.

Oppskr. av: Aanund K. Askland.

Gard: Langvold

(adresse): Gjövdal.

G.nr. 20 Br.nr. 10.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Gjövdal er ei bygd med mykje huslått, myr- ste og mus slått. So slikt som lynging og mosing har vi aldri höyrt gjete. Om nokon hadde fora forlite, bruka dei leit, bronn og skav. Og so ikkje å forglöyme björne-kombeen, som stod grön og frodig når snöen gjekk av.

Kva mor fortalde.

Hennes „gome" (bestemor) hadde höyrt av si gome: Margit Torjesdtr. Omland, at lyngen kom so snögt til bygdene her. Dei nemdi året 1777 som lyng-året. Det var eit merka år, sa dei — og kunne skrivast med 3 öksar. (Riser ein opp ei oks med skaftet ned, liknar ho eit gjutal).

Ein dag sat Margit Torjesdtr. og gret, og „lang gome" som då var

13387

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING



Småsjenta – spurde kvifor?
Jau, sa ho: „Vardu her, blee" (vorte)
so gråe." Det var lyngen ho
sikta til. For ho hugsa før svarte-
året, 1777. då det skulle vera gröne
graset, med blomar. —
So langt mor.
Dette kom eg til å fortelje ein
slektning. Han vende seg til
Universitetets Botaniske Museum, og fekk
eit par svar derifrå.

Avskrift av desse:
I brevet av 14 jan. spør De om det
kan tenkast at lyngen i Aust Agder
bygdene skulle ha kome burt, eller
kanskje ikkje ha vore der før året
1777. Dette er svært lite truleg.
Det kan godt hende at lyngen
i eit eller fleire år har vore lite
framme. Han kan ha vore
ute for turk i barfrost vintrar
eller anna skade.
Heile den hendingi som det er
fortalt om, tykkjest vera bygd
på ein viss mysticisme sidan
det er tale om økse ås talet.
Meldingi som har halde seg i tradi-
sjonen i familien i snart 200 år
er elles so pass vak, at ein no lite
kan segja om dette.
Det kan ha vore andre ting som
har spela inn, en berre dette
med lyngen.

Med vyrdnad.
Johannes Lid. (Sign.)

13387

Oslo, den 18. jan. 1954.

Herr Kontorsjef. G. Tveit.
Arendal.

Det er ikke helt lett å tyde det gamle brevet De siterer angående lyngen, og det Herrens år 1777.
At vanlig røslyng, som det utvilsomt siktes til i historien fra Gjøvdal, har eksistert i Norge og i Aust-Agder og Telemark helt siden forhistorisk tid, er bevist for lenge siden.
At Deres „historie" sikter til en lokalisert opptreden av lyng, kan neppe betviles. Helst vil jeg tyde uttalelsen slik: vedkommende kvinne gråt fordi lyngen hadde bredt seg der hvor det før hadde været mark og eng med grass og blomster.
I de deler av landet hvor Gjøvdal ligger har lyngen stor „makt" og stor „ekspansjonsevne" – det vil si: Hvis dyrket mark misligholdes (ikke gjødsles) vil den under bestemte betingelser kunne bli overgrodd av lyng temmelig raskt. („springe i lyng" som danskene sa i gamle dager.)
Hvis det er godt frøår på røslyng, kan ungplantene allerede året etter bli ganske store, og i allefald

13387

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

i löpet av 2 år vil lyngoppvekst kunne gjöre seg sterkt gjeldende særlig på innmark.

Elles kan uttrykket „verdi he vorte so grå" tykes på en anden måte. I visse vinter med barfrost (kulde og lite snö) vil röslyngen ofte dö eller törke ut over store arialer. Dette har jeg i de 20 år jeg hadde mitt virke i Bergen, hatt anledning til å se 3-4 ganger.
Bergens omgivelser er særlig rike på röslyng; men etter slike vinter var de tröstelöst grå; og folk måtte svi den av for å bli kvitt den döde grå fargen og få opp ny, frisk lyng.

At lyngen ikke skulle ha eksistert i Aust-Agders indre deler för 1777 er utenkelig. Det må som sakt dreie seg om en helt lokal historie.

Ærbödigst
Rolf Nordhagen.
(sign.)

* No er eg over femti; men aldri har eg sett lyngen har frose noko år.
Gjovdal er ei fjellbygd. Kunne det 'kje tenkast at lyngen kom seinare hit – en på lågare lende.
Oppe på Heikelis sæter og viddene – er de framleis grasgrönt.

24/6 – 1957. Anne K. Askland. f. 21/3-1905.

13387